



Karete Charlen og Øyvind Heggernes
Galtensvegen 49A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2762 - 16/21842

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
17.11.2016

Ferdigattest for bruksendring frå ein til to bueiningar på gbnr. 23/198 - Galtenesvegen

Ved ein gjennomgang av arkivet finn Meland kommune at det ikkje er gjeve ferdigattest for løyve til bruksendring frå ein til to bueningar på gbnr. 23/198. Løyve til bruksendring vart gjeve 3.3.2009, og i vedtaket stod det blant anna følgjande:

«For å få til ein teneleg utkøyring og med brukbar trafikktryggleik vert det sett krav om at utkøyringa til eigedomen Gnr 23 Bnr 198 vert redusert til ei breidd på 7 meter. Dvs at opning mot hovudveg strekkjer seg maksimum 7 meter frå grenselinje mot nord. Det må setjast oppfysisk sperre slik at utkjørsla vert som angitt.»

«Administrasjonen finn å kunna godkjenna leiligheita i U etg som omsøkt med utebod i foreslått garasje. Det vert ikkje gjeve førebels bruksløyve for før ny utebod er etablert.»

«Bod / garasje – Melding om ny bod / garasje må sendast inn for godkjenning før bygging. Avstand frå eiendomsgrense mot veg til veggliv garasje vert sett til 1,5 meter.»

Ansvarleg sækjar for bruksendringa sendte inn søknad om ferdigattest datert 10.11.2011. I brev datert 25.10.2011 gjorde kommunen ansvarleg sækjar merksam på at ovannemnde vilkår ikkje var oppfylt, og at det ikkje var dokumentert at lydisolerande tiltak over bjelkelaget var gjennomført. Før desse vilkåra er oppfylt kan det ikkje gis ferdigattest til tiltaket.

Kommunen mottok søknad om løyve til oppføring av garasje på eigedomen, journalført 31.7.2015. I brev journalført 21.8.2015 gjorde kommunen tiltakshavar merksam på at den omsøkte garasjen ikkje er søknadspliktig etter dei endringane som vart gjort i plan- og bygningslova den 1.7.2015. Vidare viste vi til at melding med opplysningar om tiltaket og plassering av tiltaket på kart må meldast inn til kommunen for oppdatering av matrikkel og kart. Vi kan ikkje sjå at oppføring av garasje er meldt inn til kommunen. Viss garasjen er oppført, ber vi om at melding vert sendt inn snarast. Når dette er gjort kan de sækje om ferdigattest for bruksendringa.

Ved søknad om ferdigattest må de vise til at leiligheita i underetasjen har bod i garasjen. Vidare må de vise til at avkjørsla til eigedomen har ei breidde på 7 meter. I tillegg må de dokumentere at det er gjennomført lydisolerande tiltak over bjelkelaget mellom etasjane.

Vi ber om tilbakemelding på status i saka snarast, og seinast innan **1.12.2016**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Karete Charlen og Øyvind
Heggernes

Galtensvegen 49A 5918

FREKHAUG

Raymond André Eikehaug

Galtenesvegen 5918
49B

FREKHAUG